



NOTAT

Vedlegg nr. 7

Til: Styringsgruppa
Frå: Statens vegvesen
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:
Tone M Oppedal / 95046056
Vår dato: 19.01.2024

Sak 18/24 Prosess for justering av takstane i Bypakke Bergen

På møte i styringsgruppa i desember vart det presentert forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen i sak 109/23.

Bakgrunn for saka var at styringsgruppa hadde bedd arbeidsgruppa, nedsett for å vurdere framtidige inntekter i bypakke Bergen, om å presentere mogelege tiltak ut frå situasjonen vi har med lågare gjennomsnittstakst enn lagt til grunn i Prop 11.s, og at vi har prognosar for trafikkvekst.

Saka vart presentert med følgjande forslag til vedtak:

Forslag til vedtak Styringsgruppa stiller seg bak at alternativ 4 er det alternativet som i størst grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten. Det er truleg òg det alternativet som bidreg mest til trafikkavvising i tråd med nullvekstmålet og den venta trafikkveksten. Styringsgruppa oppmodar til at prosessen med å justere takstane takast vidare lokalpolitisk hos Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.

I saka vart det ikkje opplyst kor lang tid det vil ta frå styringsgruppa har gjort vedtak til det faktisk vil vere innført nye takstar i bypakke Bergen, og det ynskjer vi å presentere i denne saka.

Statens vegvesen presenterer ei forventa tidslinje mellom vedtak i styringsgruppa, og implementering av nye takstar i bypakke Bergen i møtet.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tek saka til orientering og ber om å få lagt fram sak til vedtak i styringsgruppemøte så snart som mogeleg.